

Kulturavdelinga

Retningslinjer for eitt- og treårige driftstilskot til historiske spel, regionale festivalar og kulturarrangement

Retningslinjene vart vedtatt i kultur-, næring- og folkehelseutvalet i møtet 31.08.2021 i sak KNF-82/21.

Desse retningslinjene gjeld alle eitt- og treårige driftstilskot til historiske spel, regionale festivalar og kulturarrangement frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Fylkeskommunen skal sørge for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremmer og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt (Kulturlova § 4).

Våre tilskot skal bidra til å gi et mangfalding tilbod innan kultur, folkehelse, idrett, friluftsliv og frivilligheit til innbygarane i Møre og Romsdal.

Fylkeskommunen kan ikkje gi støtte til følgande

Politisk verksemd

I tillegg til politiske parti meiner vi interesseorganisasjonar som jobbar mot eit politisk mål eller som har som formål å utføre politisk innflytelse. Eksempel på dette er Naturvernforbundet, Natur og ungdom, Norsk bibliotekforening og Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon.

Humanitær verksemd

Organisasjonar som har til hensikt å bistå i krisesituasjonar, redde liv og/eller bidra med langsiktig innsats i pågåande kriser eller langvarige konflikhtar. Eksempel på dette er Norges Røde Kors, Kirkens SOS og Norsk Folkehjelp.

Organisasjonar eller aktørar som samlar inn eller vidareformidle midlar

Organisasjonar som har som formål å samle inn og vidareformidle midlar. Eksempel på dette er Blå Kors, Redd Barna, Plan Norge og SOS barnebyer.

Organisasjonar eller aktørar som fremmer egne medlemmer sine interesser

Med dette meiner vi organisasjonar som fremmer økonomiske eller yrkesmessige interesser, fagforbund og organisasjonar for særinteresser. Eksempel på dette er Landsorganisasjonen (LO), Huseiernes landsforbund, Norsk kennelklubb og Norges veteranbilforbund.

Dette gjeld òg aktivitetar/aktørar som har som formål å generere økonomisk overskot.

Trussamfunn og anna religiøs verksemd

Med det meiner vi alle trus- og livssynssamfunn, anna religiøs aktivitet og organisasjonar med ein religiøs formålsparagraf.

Merk: Unntaket er religiøse, frivillige organisasjonar. Dei kan søke om prosjekttilskot til aktivitet der formålet med aktiviteten ikkje er forkyning, men tiltak for barn og unge. Eksempel på det kan vere friluftstiltak.

Infrastrukturtiltak

Med dette meiner vi infrastrukturtiltak som har rett til tilskot frå statlege ordningar som spelemiddelordninga og post 78 frå Miljødirektoratet (friluftstiltak). Eksempel på slike tiltak er bygging av toalett, tilrettelegging av turstiar og anna friluftslivsaktivitet.

Historiske spel, regionale festivalar og kulturarrangement under avviking

Historiske spel, festivalar eller kulturarrangement som er under avviking eller er gjennomført kan ikkje få støtte.

Prioritering for tildeling**Generelle prioriteringar for alle driftstilskot**

- Organisasjonar som bidrar til å gjennomføre regional kulturpolitikk og som treff eit større geografisk område.
- Regionale ledd av amatørkultur og frivillige organisasjonar som har etablert fylkes- eller krinsledd i Møre og Romsdal med aktivitet i eit større geografisk område, ut over det lokale.
- Organisasjonar som arbeider for å styrke grunnlaget for vidareutvikling av eksisterande aktivitet og stimulere frivillig engasjement, mangfald og kvalitet i kulturlivet og folkehelsearbeidet i Møre og Romsdal.
- Aktiviteten må vere ope, tilgjengeleg for alle og treffe eit større geografisk område ut over det lokale.
- Aktivitet på arenaer og møtestader der barn og unge kan uttrykke og utvikle seg, lære og erfare blir prioritert ved tildeling.
- Tiltak som bruker ny teknologi og digitale medium for å nå ut med kunst og kultur til alle i Møre og Romsdal, blir prioritert ved tildeling.
- Søkarar som har Tilgjengelighetsmerket (NKA) og kvalifiserer til tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune blir prioritert ved tildeling av tilskot.
- Møre og Romsdal fylkeskommune forutsett at søkar legg FN sine berekraftsmål til grunn.
- Organisasjonar som mottek driftstilskot skal vere demokratisk oppbygd med eige styre og vedtekter, og alle skal kunne teikne medlemskap.

Prioriteringar for eitt- og treårig driftstilskot til historiske spel, regionale festivalar og kulturarrangement for perioden 2022–2024

- Historiske spel, regionale festivalar og kulturarrangement på områda kulturarv, musikk, scenekunst, litteratur, visuelle kunststartar og film samt idrett og fysisk aktivitet.
- Historiske spel, regionale festivalar og kulturarrangement skal vere offentleg tilgjengeleg, bli arrangert årleg og vare i minst 3 dagar eller kunne dokumentere arrangement gjennom heile året.
- Historiske spel, regionale festivalar og kulturarrangement som mottar offentleg tilskot frå kommune og/eller stat.
- Historiske spel, regionale festivalar og kulturarrangement som mottar treårig tilskot skal ha eksistert i minimum tre år og ha styre og vedtekter.
- Historiske spel, regionale festivalar og kulturarrangement som kan vise til avtale om driftstilskot frå vertskommune på minimum same nivå som det fylkeskommunale tilskotet for

perioden 2022–2024. Eventuelt dokumentert statleg tilskot for heile perioden kan delvis kompensere det kommunale tilskotet.

Økonomi

- Tildelinga kan maksimalt utgjere 50 prosent av det totale driftsbudsjettet. Dersom rapporten viser at den reviderte rekneskapen er lågare enn budsjettert, kan tilskotet bli avkorta.
- Søkarar som får kompensasjon for meirverdiavgift (mva.), skal oppgi beløp eksklusiv mva. i søknaden. Dersom dette ikkje blir gjort, skal det som eventuelt er utbetalt for mykje (tilsvarande kompensasjonen) betalast tilbake.
- Minste årlege beløp for treårig driftstilskot er 30 000 kroner.
- Det er krav om føring og revisjon av rekneskap. Års-/sluttrekneskap skal vere kontrollert og signert av nokon som ikkje har vore delaktig i føringa av rekneskapen. Dette gjeld for tildelingar under 200 000 kroner årleg.
- For tildelingar over 200 000 kroner er det krav om autorisert revisor. Unntatt frå dette kravet er verksemder som bruker kommunerevisjon eller anna offentleg revisjonsorgan.
- Med mindre anna er oppgitt i utlysinga viser vi til Frivillig Norge sin sats for eigeninnsats/dugnadsarbeid.
- Innleigde profesjonelle musikarar skal behandlast likt og lønnast etter bransjestandard. Arrangørane må sjå til Creo sine satsar, eller nasjonale satsar for Den kulturelle skolesekken (DKS).
- Møre og Romsdal fylkeskommune er ikkje pliktig til å sjå til at søkar handlar i tråd med Lov om offentleg anskaffelse (LOA) og Forskrift om offentleg anskaffelse (FOA), men vi føresett at søkar set seg inn i reglementet når det er nødvendig.

Synleggjering

Det er eit krav at mottatt støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune skal synleggjerast i program, informasjonsdokument, rapportar og liknande.

Det skal komme fram i årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er mottatt tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Tilgjengeleggjering

- Kulturinstitusjonar og -organisasjonar skal legge til rette for følge med godkjent bevis (følgekort eller ledsagerbevis).
- Vi oppfordrar kulturinstitusjonar og -organisasjonar om å søke om deltaking i ordninga «Kulturrabatt for ungdom».
- Tiltak som får driftstilskot skal så langt som råd vere opne og tilgjengelege for alle, og byggje på prinsippet om universell utforming.
- Søkarar som har Tilgjengelighetsmerket (NKA) og kvalifiserer til tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune blir prioritert ved tildeling av tilskot.

Krav til rapportering

- Rapportering omtalast som «anmodninger» i Regionalforvaltning. All rapportering skal leverast i Regionalforvaltning som del- og sluttanmodning (ikkje MRS-rapport).
- Alle som får driftstilskot skal levere årsmelding og revidert rekneskap frå året før samt budsjett for i år. Frist for rapportering er 1. juli kvart år.
- Det er krav om føring og revisjon av rekneskap. Års-/sluttrekneskap skal vere kontrollert og signert av nokon som ikkje har vore delaktig i føringa av rekneskapen. Dette gjeld for tildelingar under 200 000 kroner årleg.
- For tildelingar over 200 000 kroner er det krav om autorisert revisor. Unntatt frå dette kravet er verksemder som bruker kommunerevisjon eller anna offentleg revisjonsorgan. Dokumentasjon frå revisjonsorgan skal leggest ved rapporteringa.
- Beskriv i rapporten korleis de har synleggjort mottatt støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune i program, informasjonsdokument, rapportar og liknande.
- Det skal komme fram i årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er mottatt tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Utbetaling

- 75 prosent av det treårige driftstilskotet blir utbetalt ved tildeling og 25 prosent blir utbetalt etter godkjent del- og sluttrapportering (leverast som anmodning om sluttutbetaling). Det er derfor ikkje nødvendig å be om delutbetaling for driftstilskot.
- Anmodning om sluttutbetaling skal leverast i Regionalforvaltning.
- For eittårig driftstilskot blir heile tilskotet utbetalt når nødvendig dokumentasjon er godkjent. Nødvendig dokumentasjon er revidert rekneskap, årsmelding og budsjett for i år.

Fylkeskommunen kan krevje tilskot tilbakebetalt

- Tildelinga gjeld det som er beskrive i søknaden og vilkåra i tildelingsbrevet. Dersom tiltak i søknaden blir endra utan godkjenning, kan vi trekke tildelinga tilbake.
- Dersom ein søker gir ufullstendig eller feilaktige opplysingar i søknaden, og dette fører til at det blir utbetalt ugrunna eller for mykje, kan tilskotet heilt eller delvis bli kravd tilbake.
- Dersom fylkeskommunen utbetaler feil beløp, skal det som eventuelt er utbetalt for mykje betalast tilbake.
- Dersom de ikkje oppfyller vilkåra og rapporteringskrava, kan vi trekke tilskotet tilbake.

Kontroll

Fylkeskommunen skal kunne kontrollere at de bruker eller har brukt midlane etter vilkåra. Søkar plikter på førespurnad å legge fram alle opplysningar som er nødvendig for at fylkeskommunen kan gjennomføre ein slik kontroll.

Klagerett

Vedtak om driftstilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune er ikkje enkeltvedtak etter forvaltningslova. Det betyr at det ikkje er klagerett på dette vedtaket etter reglene i lova.